



VOSS KOMMUNE



GRANVIN HERAD



ULVIK HERAD



VAKSDAL  
KOMMUNE

# Invitasjon til informasjonsmøte om nytt søknadssystem for produksjonstilskot i jordbruket

Kommunane Voss, Granvin, Ulvik og Vaksdal, i samarbeid med lokale bondelag og bonde- og småbrukarlag inviterer med dette til informasjonsmøte om nytt søknadssystem for produksjonstilskot i jordbruket.

**Møtet vert halde i kultursalen i Voss kulturhus den 25. april, frå kl. 10.00 til 12.00.** Me har invitert fylkesmannen i Hordaland v/rådgjevar Silje A. Lyhammer, til å informera om kva endringar omlegginga av søknadssystemet har å seie for den einskilde søker om produksjonstilskot, både når det gjeld regelverk, fristar og sjølve søknadsskjemaet.

*Me oppmodar alle som har interesse av å setja seg inn det nye søknadssystemet om å stille på møtet.*